



Årsmelding for året 2017

Styret har hatt slik samansetjing i 2017:

Åsmund Kåre Rørvik, styreleiar
Per Magne Bringedal, nestleiar
Åsfrid Barstad, styremedlem-kasserar-sekretær
Marianne Lund Anderssen, styremedlem
Gunnar Røssland, styremedlem
Oddmund Skår, styremedlem
Helge Vassvik, 1. varamedlem
Kirsten Hals, 2. varamedlem

Revisorar:

Merete Moe Røssland, Even Teigen

Valnemnd:

Anna Prestnes, Per Henrik Opdal, Kari Natvik

STYREMØTER:

Det har i 2017 vore halde 13 styremøter. Varamedlemene har vore innkalla til alle styremøter for å sikra kontinuitet. Det har vore godt frammøte, aktiv deltaking og gode diskusjonar på styremøta.

Styret og styreleiar har hatt god kontakt med politisk og administrativ leiing i kommunen. Ordførar Peder Sjø Slettebø og rådmann Odd Ivar Øvregård var tilstade på styremøtet 03.05.17 og orienterte om prosjektet Regionsenteret Husnes og ei rekkje andre aktuelle saker av interesse. Tidlegare rådmann Kjell O Nygård var med på styremøtet 27.09.17 og orienterte om sine tankar om Regionsenteret.

EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE:

Det vart halde ekstraordinært årsmøte og orienteringsmøte tysdag 6. juni 2017. På det ekstraordinære årsmøtet vart det samrøystes vedteke ei mindre endring i vedtektene slik at lag/organisasjonar og kan vera medlemer. Vidare vart kontingenten for lag/organisasjonar sett til kr 500,- og verksemder kr 1500,- utan tillegg for tal tilsette. Etter at det ekstraordinære årsmøtet var heva vart det gjeve fyldig orientering til dei frammøtte om saker og aktivitetar i Husnes Vekst.

HANDLINGSPLAN OG AKTIVITETAR:

Styret arbeidar etter ein handlings- og aktivitetsplan med 12 hovudpunkt som kvart inneheld ei lang rekkje aktivitetar. Aktivitetane vert gjennomgått og reviderte på kvart styremøte. Ambisjonsnivået har vore høgt og det har vist seg vanskeleg å få gjennomført mange av aktivitetane. Skal vi få det til må vi i større grad engasjera interesserte personar utanom styret, både medlemmer i Husnes Vekst og andre i arbeidsgrupper. Nedanføre er hovudpunkta i handlingsplanen med kommentarar. Dette er også handlingsplanen styret ønskjer å halda fram med å arbeida etter i 2018.

1. Regionsenteret Husnes

Husnes Vekst er medlem i referansegruppa til det kommunale prosjektet og Marianne, Gunnar og Åsmund Kåre har delteke på arbeidsmøte i prosjektet. Det har vore gjort fleire freistnader på å få Fylkesmann Lars Sponheim til å vera med på eit ope møte på Husnes i regi av Husnes Vekst om Regionsenteret Husnes utan å lukkast. Vi vil freista på nytt å få dette til våren 2018.

2. Næringsliv, eksisterande og nytt

Kva kan vi gjera for eksisterande næringsliv og korleis tiltrekkja oss nytt? Dette er avgjerande for arbeidsplassar i området i framtida. Temaet har vore diskutert fleire gonger med ordføraren som arbeidar aktivt. Vi ønskjer no å setja opp arbeidsgruppe med røynde aktørar frå verksemdar og samarbeida vidare med Kvinnherad Næringssservice og ordførar(tiltakssjef).

3. Statlege/fylkeskommunale arbeidsplassar og funksjonar

Husnes må vera med i tevling om nye offentlege funksjonar som kan verta flytta ut frå hovudstaden/større byar. Det er viktig å arbeida for å styrkja eksisterande institusjonar. Vi er i dialog med ordføraren som arbeidar målretta for dette.

4. Kommunale tenester og kontor på Husnes

Vi har fokusert på kva tenester vi treng tilgang til i regionsenteret. Romprogrammet for ombygging og utviding av Aksan er eit godt grunnlag. Vi har kome med innspel om å samla helsetenestene i eksisterande bygg i sentrum nær apoteka og det nye kommunikasjonsknutepunktet.

5. Turisme

Kva har Husnesområdet å by turistar og kva saknas? Vi ønskjer samarbeide med Husnes Båthavn og andre reiselivsaktørar om informasjon/tiltak. Overnattingskapasiteten er for liten på Husnes. Dette er også eit uttalt viktig punkt for all næringsverksemd. Oppussing og drift av hotellet må ha høg prioritet og vert teke opp og diskutert med aktuelle aktørar med jamne mellomrom. Brede Grønningen og Husnes Røyr fortener stor takk for på dugnad å ha installert nytt toalett, frostsikra røyropplegg og vedlikehalde badehuset i Borvik!

6. Tomteland for (eine)bustader

Husnes har ikkje hatt sentrumsnære tilgjengelege bustadtomtar på svært mange år. Det er ønskjeleg å få utvikla det regulerte området mellom brannstasjonen og gamleskulen snarast. I tillegg må området mellom FV48, vatnet og Hellandselva omregulerast og utviklast.

7. Omsorg for eldre

Området frå Herøysundet til Utåker har i følgje statistikk desidert flest innbyggjarar over 70 år i Kvinnherad, ca. 880 ved utgangen av 2017. Trong for omsorgstenester på ymse nivå vil auka frametter. Er vi budde på dette? Temaet er teke opp både med kommunen og private aktørar og vert arbeidd vidare med.

8. Turstiar i Husnesområdet

- Husnes Vekst er tiltakshavar og økonomisk ansvarleg for prosjektet med ny turveg langs vatnet frå krysset ved skulane til eksisterande turveg mot Kaldaneset og rastehytte ved denne. Turvegen var på det næraste ferdig då storflaumen i vatnet 7.12.17 vaska ut og øydela store delar. Vegen er reparert og lagt høgare for å hindra framtidig øydelegging. Det har også vore møte med aktørar og grunneigarar langs vatnet for å få fungerande regulering av vatnet i framtida. Dette er i alle si interesse. Øydelegginga med påfølgjande reparasjon av vegen har ført til store ekstra utgifter. Det vert arbeidd med å finansiera dette.
- Husnes Vekst har teke initiativ til å få lyssett postvegen frå Askedåso via Teigen til Eikeland. Ei prosjektgruppe leia av Per Magne er godt i gang med førebuingar og prosjektering. Første trinn er å få avtalar med alle grunneigarar. Prosjektet er tenkt som eit samarbeidsprosjekt mellom Husnes Vekst, Postvegen i nært samarbeide med energiselskapa våre og det offentlege. Det vil verta arrangert pressekonferanse tidleg i 2018 vedrørande dette prosjektet.
- Husnes Vekst har teke initiativ til å få laga nytt, omfattande oversyn med gode kart, GPS-spor og tekstsildring av alle turstiar frå sørsida av Uskedalen til Utåker. Dette vert og samarbeidsprosjekt med andre lokale organisasjonar.

9. Ny fleirbrukshall Husnes

Husnes Vekst står arbeidet med å få etablert hallen. Styreleiar har delteke på ymse møter og er med i gruppe som arbeidar med den private delen av finansieringa.

10. Trafikksikring i Husnesområdet

Oddmund leiar arbeidet med dette og har m.a. hatt dialog med vegvesenet vedrørande å få skilta Fv44 frå Helland via Kaldestad og Sunde til Opsanger som forkjørsvveg. Denne er no prioritert i Hordaland. Det vert vidare arbeidd med å få gang-sykkelveg og vegljøs frå Bogsnes til gamleskulen. Det vert og arbeidd med å identifisera og dokumentera andre trafikksikringstiltak i Husnesområdet.

11. Samferdsle

- Husnes Vekst har prioritert å betra kommunikasjonane mellom Husnes og Stord. Dette har vore tema i mange styremøter og møter med andre. Husnes Vekst ga 12.12.17 formell uttale til Hordaland Fylkesting/Hordaland samferdsleutval og kommunane Kvinnherad, Stord, Tysnes og Odda vedrørande betring av kommunikasjonstilhøva mellom Stord og Kvinnherad. Uttalen vart også sendt næringsorganisasjonane i Stord og Kvinnherad og lokalavisene i området.
- Husnes Vekst har teke opp prioritering av E134, særleg tunnell bak Røldal og utgreiing av arm vidare mot E39 og Bergen. Dette er viktig for Kvinnherad.
- Husnes Vekst har teke opp å snarast mogeleg få etablert nytt trafikknutepunkt i Husnes sentrum (bil-buss) og Sunde ferjekai (ferje, snøggbåt, buss, bil)

- Husnes Vekst ønsker å få fjerna eller sterkt redusert bompengane i Halsnøytunnelen. Overordna styresmakter gjer dette vanskeleg.

12. Kultur

Korleis gjera Husnes og omland til kulturfyrtårn? Vi har eit unikt kulturskulebygg med svært gode lærekrefter og ei rekkje kulturaktørar av svært høg kvalitet. Vi ønsker å etablera arbeidsgruppe med eksterne for å ta dette vidare.

MEDLEMMER

Vi har i 2017 hatt 49 personar og 9 verksemder som medlemmer.

Vi er nøyde til å auka medlemstalet, både personlege og verksemder. Det økonomiske er sjølvstendig viktig, men å få fleire engasjert og med i ymse arbeidsgrupper er enno viktigare. Den relativt høge medlemskontingenten for verksemder med mange tilsette er no borte. Vi vil difor no kontakta verksemder direkte, orientera dei om medlemskap og invitera dei som medlemmer (att). Det var planlagt større vervekampanje og stand på Husnes storsenter i oktober. Denne måtte diverre gå ut grunna sjukdom. Vi vil køyra ny kampanje våren 2018. Det har vore gjort utgreiing på nytt medlemssystem/kontingentsystem i 2017. Nytt system vil gjera det langt lettare å følgja opp medlemmer og senda ut krav (og evt. purra) på kontingent.


ØKONOMI

Det store turvegprosjektet vi er involverte i gjer at rekneskapet er vanskeleg å lesa sidan dei store gåvene øyremerkte til prosjekt(over 200.000,- i 2016 og over 100.000,- i 2017) vert rekneskapsførte i eit år og dei store utgiftene i påfølgjande år.


Rekneskapet syner difor eit underskot på kr 200.315,- (overskot på kr 198.976,- i 2016) I rekneskapet for 2017 er det etterbetalt styregodtgjersle for året 2016. Det er ikkje utbetalt styregodtgjersle for året 2017. Det er i 2017 også etterbetalt til IL Trio til saman kr 27.500,- for oppsetjing av julelys i 2014, 2015 og 2016. Julelysa er no donerte til Husnes Storsenter. Husnes Vekst har leigd kontor som har kosta kr 6.000,- i 2017. Kontrakten er no sagt opp.

På inntektsida har vi i 2017 diverre ikkje fått det tidlegare årlege tilskotet på kr 25.000,- frå Torghuset AS. Vanleg medlemskontingent og grasrotmidlar er såleis einaste ordinære inntekter. Økonomien er difor stram, men likviditeten er tilfredsstillande.

Husnes 21. februar 2018




Åsmund Kåre Rørvik
Styreleiar




Per Magne Bringedal
Nestleiar




Åsfrid Barstad
Styremedlem



Oddmund Skår
Styremedlem



Marianne Lund Anderssen
Styremedlem



Gunnar Røsland
Styremedlem